

## FN sin barnekonvensjon

Artikkel 5 (kortform):

Staten skal respektere dei rettane og pliktene foreldra og andre føresette har for å gi barnet rettleiing og støtte slik at barnet skal kunne hevde rettane til konvensjonen.

«Ei bunke papir i hendane.»

Refleksjonsspørsmål:

DEL 1 Den/dei tilsette



- Kva for tankar gjer du deg om starten på samtalen: «Velkommen til denne samtalen. Eg tenker at eg berre begynner å fortelje litt om korleis vi arbeider her, og så seier eg noko om korleis vi opplever sonen deira, greitt?»
- Moren samanfattar samtalen slik: «Ho kjente ingen varme, ingen nærleik, ingen augekontakt, ingen leikenheit, nysgjerrigheit, tillit eller openheit. Sonen var bokstaveleg talt innramma, skjematiskert og vurdert.» Kva tenker du at kunne vore gjort annleis?